



Det gule, låge naustet er det Rød eig i dag. Bak dette står dei nybygde nausta som politikarane ville sjå før dei handsama saka. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Naustprosjektet til Arne K. Rød på Korsnes kom opp i forvaltningskomiteen onsdag, men vart med sju mot to røyster utsett for synfaring før neste møte. Grunnen til utsetjinga var at politikarane ikkje hadde teikningar eller foto av fire naust som no er under byggjning på vestsida av Rød-naustet.

Rød viste til desse nausta i søknaden, som gjekk ut på byggjning på 54 kvadratmeter i to plan og med ei mønehøgde på 6,65 meter. Han har frå før eit naust i ei høgd på staden. Rådmannen hadde gått inn for avslag fordi naustet ikkje ville vera i tråd med reguleringsføresegnene der det heiter at "bygningen kan oppførast i ei høgd over terreng", Dette kunne difor rådmannen akseptera.

Øyvind Hardeland (Arbeidarpartiet) varsla at han ikkje såg problemet og ville gå inn for søknaden.

- Vi må vera kreative og finna løysingar, sa han.

Endre Blokhus (Framstegspartiet) var einig og viste til ei parallell sak som skulle handsamast seinare i møtet.

Også Thorleif J. Hellesøy (Uavhengig Sentrum) var for søknaden og det same var Øyvind Utne (H).

Leiar Einar Saghaug (Innbyggjarpartiet) var meir betenkt. Han viste til at fylkesmannen har 40 kvadratmeter som grunnflate-grense for naust og at strandsonevernet er skjerpa.

- Dette er ikkje eit naust av den typen som vi kan leggja oss på i framtida. Her vil freistinga vera stor til å søkja omdisponering til fritidsbustad, meinte Saghaug. Likevel var han viljug til å utøva skjøn i dette tilfellet.

- Hardeland har før slege meg i hovudet med sine retningslinjer. Eg kjenner meg difor no urettferdig behandla, sa Saghaug.

Jarle Mehammer (Sosialistisk Venstreparti) ville halda seg til retningslinjene og gjekk inn for avslag.

Hardeland streka under at dei nausta som no er under byggjning lenger vest er ganske like det naust som Rød vil reisa og verksemdsleiar Tormod Fossheim streka under at dei fire nausta er i tråd med godkjent reguleringsplan for området.

Men fordi politikarane sakna illustrasjon av desse vart saka utsett.

Av Ola Matti Mathisen